



Toril Myklebust Lie og Myrahuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Koret Birkeland Kantori frå Nesttun i Bergen, som har 25 songarar, kjem til Kvinnherad i helga.

Dei skal syngja i Kvinnheradkyrkja både laurdag kveld og sundag føremiddag, første dagen med konsert og andre dagen under høgmessa.

Men dei skal bu i Uskedalen der to av songarane har sterke røter.

Dei er systrane Toril Myklebust Lie og Ingunn Myklebust, som bur på Nordås. Ingunn er kateket i Birkeland kyrkje medan Toril er lærar på Os.

Begge har band til bygda, for far Arne Myklebust og mor Aud eig Myrahuset på Kjerlandsido og familien er der både titt og ofte.

- Opp gjennom åra har eg vore her i alle ferier og mange helgar, seier Toril, som song i Uskedalkyrkja før jul og som no er glad for å få koret sittmed til Uskedalen.

Mora er ein dyktig kunstnar og har mellom anna levert ein billedvev til bårhuset. Ho har eit fint atelier ovanfor Myrahuset.

Det er 17 sengeplassar i det innhaldsrike og fascinerande huset, men songarane skal ikkje bu berre der, men også på Solheim (som dei har "okkupert") og Dønhaug.

Før dei kjem hit blir songarane vist rundt i Steinparken og på Baroniet. I Myrahuset vil dei få servert middag.

Konsertprogrammet i kyrkja er sterkt inspirert av det romantiske, vesentleg frå den engelske korlitteraturen. Kantor i Birkeland-kyrkja Harald Jacob Holtet er den dyktige dirigenten for Birkeland Kantori.

Med til konserten laurdag har koret med seg organisten Gjermund Mildestveit, som vil spela noko frå Felix Mendelssohns orgelmusikk.

Sundag før heimreisa blir det ein stopp på Seimsfoss fordi leiar i soknerådet ved Birkeland Åse Madsen er derifrå.

Av Ola Matti Mathisen